Førsteblad 1

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 9. Fylke: Telemark

Tilleggsspørsmålnr. Herad: Mo

Emne: Lauving Bygdelag: Skafså

Oppskr. av: Olav Grimdalen Gard: Grimedal

(adresse): Drammensv. 20 St. VI Oslo. G.nr. 59 Br.nr. 1

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

A. 1. Det er vanleg, å lauve enno; men det blir mindre no. Før siste krigen høyrde lauvet til det årvisse føret på gardane. Det vart helst nytta til sauene. Ospelauv vart nytta so og til til storfeet, serleg når kyrne "kom på ucele" d.v.s. ikkje ville eta. Solbis vart det nytta som medisin til hesten òg.

Under siste heimskrig vart det lauva nokso mykje. No hev det minka p.g.a. skort på arbeidshjelp.

2. Arbeidet kallast lauving og gjerningi: å lauve (lauvar, lauva, har lauva).
Vanleg lauvar ein etter slåtten (i august).
Sumtid hender det ein lauvar føre, men for tidleg er ikkje haldt for å vera godt, so di det er so mykje harpeis i lauvet.

Det er serleg bjørkelauv som vert nett lauva, men òg osp, raun og selje.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

2806

3. Til arbeidet vert nytta <u>lauvhogg</u> (eit)




. Det er smia serskilt til dette bruk og er tjukt og støtt. Det er bøygt ute i toppen for å bøygje ned mindre greiner og kvistar med. Likeins til å draga av små-kvistar med.

Einskilde hev sumtid bruka å hogge småtoppane av kvistene og turka lauvet på bakken som høy. Men dette er svært sjeldan. Vanleg vert lauvkvistene bunta saman til <u>kjervir</u>. I ein lauvkjerv skal vera umkring $\frac{3}{4}$ kg reint lauv.

Halvvotter (ɔ: votter for midtre delen av handi, ikkje for fingrane) vart gjerne nytta av kvinnfolki, slik dei og nyttar dei når dei rakar.

4. Ein skil millom <u>sviglauving</u> og <u>lauvstyve</u>. Med sviglauving meiner ein å lauve sviger ɔ: unge tenar og småbjørk eller andre lauvslag. Lauvstyve er å hogge ned større tre og lauve dei etter på. Treet vert då nytta til <u>ved</u>. Før var dette vanleg.

2806

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

II

Ein talar om å styve trei. Kylling kjenner ein òg til. Det vert helst nytta på ask, selje, raun o.l. Arbeidet heiter å kjylle.

Når ein sviglauvar, hogg ein og av berre toppane og dei lauvrike kvistene. Om nokre år (5-6) hev det kome nye skot so ein kan lauve på ny.

5. Lauvet vert som før sagt helst hogge i høveleg lange rislar og bunta saman i kjervar, som vert bundne over stertane (dei grove endane) med vidje. Kjerven vert då hengd på stake med toppane ned so regnet skal renne av han. No er det elles vanleg å taka lauvet inn med det same det er lauva, so sant det er dogglaust. Det vert då turka i skugge inne (turka på stegl, som det heiter). Ein må då reise upp kjervane (med toppane upp) og setje dei side om side, so dei stend lause og frie til dei er turre.

2806

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Dei reknar det er betre å skuggeturke lauvet. Langt ute i marki vart kjervene turka på stakane og sette i stakk. Ein kartar gjerne ei mindre gran (kan og vera bjørk o.a.), legg eit underlag med kvister i botnen og trør kjervene innte med toppen mot midten. Uppå stakken legg ein godt med barkvister, so det ikkje skal regne vate inn i stakken.

Ein lauvstakk hev vanleg 100-150 kjerv. Kjervene vart vanleg talde med lauvstikke.

Drysjelauv (dikt som drys med ved lauvfallstider) vart sumtid raka saman og turka. Det vart nytta helst til strø.

6. Kjervene vart køyrde, eller er det bratt utfor, dregne heim på vinterføret der dei stend i stakk. Elles vart dei køyrde eller borne (5-10 kjervar i ei byrd) heim straks dei er turre.

7. Det vart lauva både i innmarki og utmarki.

8. Heime vart lauvet lagt vare på på raugards- eller fjøsrevet; i einskilde høve på låven, om der var rom.



NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Langs veggene i löa hender det og in-set det, eller i serlege skålar ved rau-husel.

Før når dei lauva mykje, fekk rauene lauv til fer gonger om dagen. Ein sette lauvet på stakar inne på tallen eller feste dei til veggene (hengde dei på hakar) eller sette dei i stone (krubbone).

Dei rekna dei måtte ha 100 kjerver pr. rau.

Ofte fekk kyrne riset når rauene hadde ete av det meste. Dei togge gjerne upp mest alt i hop. Berre det ~~aller~~ grøvste vart leivt. Dei lika å bite i noko fast, so det turvde ikkje vera av hunger dei åt riset.

9. Ospelauv vart rekna for best. Deretter kom raun (rogn) og selje. Men det vanlegaste var ~~[illegible]~~ bjørkelauv. Orelauv vart rekna for dårleg, for dyri vart so braude på det (lika det ikkje). Ask, alm, lön o.l. finst det so lite av at det raede ikkje med. Det er heist berre plante tre. Bygdi ligg 5-600 m.o.h.

10 - 12. Kjenner ikkje til dette

2806

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

13. Arbeidet vart gjerne utført av ein og same person. Men somtid kunde det at ein skyode, ein hogge av kvistene og batt, eller ein tridje batt. Barn kunde òg vera med og binde. Men det var då gjerne eldre, 12-14 år.

Det vart rekna for godt arbeid å lauve 100 kjerver pr. dag, serleg av kvinnfolk. Einskilde karar kunde greide 150 – 200 kjerver.

14. Ja, ein kunde nok kylle osk og bjørk på lauvteigen (ɔ: der ein lauva) anten det var på innmark eller i skogen.

15. Kjenner ikkje til det.

## B. Rakelauv.

Dette vart sjeldan bruka utan til bys (strø). Ein raka det saman etter det hadde drust om hausten. Køyrde eller bar det heim i sekker – og tok vare på det på ein turr plass. Ein kjenner ikkje til at alle lauvet hev vanleg vorte nytta til fôr.

2806
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING